

# Dalen i Sentrum

Organ for eit balansert dalføre – nr. 01 – 2011



## *Velledalen – der folk trivst, er alt muleg*

**Komande torsdag (24.02.) kl 1930 vert det bygdemobiliseringsmøte** i kjellarsalen på Grendahuset. Bjørn Nordmo frå Salangen vil dele erfaringar med oss. ViB håper mange finn vegen til grendahuset denne kvelden.

**Skandinaviske Dager.** Sjølv om det har vore ei positiv utvikling i Velledalen siste året med tilflytting av nye familiar så vedtok styret i ViB å reise til Nederland for å vere tilstades på Skandinaviske Dager. Dette er ei messe i regi av Placement AS (som har hovudkontor i Stordal). Messa vert besøkt av folk som går med tanker om å flytte frå Nederland til Skandinavia. I år var det ca 2500 personer innom dørene. Velledalen hadde ikkje stand på messa, men vi reiste for å lære meir, og å førebu oss til å vere med komande år.

**Omdømebygging** har heile tida stått sentralt i arbeidet vårt. Vi har laga ei omslagsmappe med fine bilde frå dalen. Den er til sals på butikken, og vi håper at mange vil bruke den. Vi har og gjort avtale med Ståle Ødegård om profilering av Velledalen på bilen hans. Flotte bilde pryder begge sider på bilen, og vi har sjølvsagt også med slagordet vårt, og vising til nettsida.

**Velledalen Naturbarnehage** har fått køyrt opp skiløyper ved barnehagen. Løypene kan sjølvsagt brukast også av andre, så ta gjerne med borna på ein liten skitur. Barnehagen treng fleire Kiddo- eller Tripp Trapp-stolar. Har du ståande slike som ikkje lenger er i bruk så ta kontakt med barnehagen.

**Brøvøllsfestivalen 2011 er fastlagd til 1.-3. juli.** Det vert ei travel helg med mykje jobbing og mykje moro for oss som bor i Velledalen og for dei som høyrer til i Lag på Lag. Det er derfor på tide å prikke inn toppforma, og vi set derfor i gang **Brøvøllstrimmen**. Den går ut på å møte opp ved bedehuset onsdagar kl.20.00 , og so går vi oss ein tur i lag.

**Velledalen Idrettslag** har halde årsmøte og Atle Hole sa ja til å halde fram som leiar eit år til. Dei andre i hovudstyret er: Asgeir Rausand, Geir Helge Grebstad, Elisabeth Urke, Marit Hole, Irene Johansen ( ny) og Ove Skylstad. Laget kunne sjå tilbake på eit aktivt år med mange flott arrangement som fremma trim og trivsel, og når økonomi også er god kan V.I.L seie seg godt fornøgd med gjennomføringa av 2010.

**Mange låner ymse på grendahuset,** slik som panner, bord og stolar. Dette er noko styret ikkje har noko imot men det er viktig at det vert levert tilbake så fort som mulig fordi det kan vere andre som og har bruk for det. Det er og greit å gi beskjed til nokon i styret ved slike lån.

**Hytteprosjektet på Brunstadkøl'n** - Storevatnets Venner fekk tildelt gåvemidlar av Gjensidigestiftelsen like før jul 2010. Det synlige beviset fekk dei tildelt på ei tilstelning i Ålesund nyleg. Gåva var på kr 48.607 kroner. .Gåvemidlane er med på å gjere det mulig å fortsette det gode arbeidet som skal til for å kome i mål med prosjektet.

**Skulemat og Torsdagsmiddag** heng i hop. Kvar torsdag møtest alle skuleborna i kjøkkensalen på grendahuset og får servert varm mat. **Frå klokka to opnar torsdagsmiddagen** og serverer middag til gjestane. Det er Joker-butikken som garanterer for økonomien i prosjektet. ViB oppfordrar til trivleg prat og mat desse torsdagane.

**Butikken har brukbar omsetning,** men etter ein gjennomgang av det potensialet som er i vårt område så viser det seg at vi har mykje å gå på. Omsetningen kunne vore vesentleg høgare. ViB ynskjer fleire kunder velkomne. Marianne og Torill vil gjere sitt beste for at du som kunde får det du treng.

Vi minner om:

**Sogelagsmøte** tirsdag 22.02 - årsmøte kl 1900, sogekveid kl 2000

**Årsmøte i VRF** tirsdag 22.02 kl 2000

**Bygdemobiliseringsmøte** 24.02 kl 1930 i kjellarsalen

**Fjellseterrunden** søndag 27.02 Starttid: Kl. 10.00-12.30 Trimmarane (Påmelding til rennkantoret renndagen) Kl. 13.00 for turrenn- og bedriftsklassene

Kl. 13.05 for Barnas Fjellseterrunde (Påmelding til rennkantoret renndagen)

**8. mars arr.** På Velledalen grendahus

**Svingfoten** 12. mars. Kontaktperson Odd Kåre Fet

**Helselagsbasar** fredag 18.03

**Velledalsseminaret** 08. og 09. april

**Meld nytt til Dis og velledalen.net**

**Utgivar Velledalen i Balanse AS**